



## Årsmelding for Øystese idrettslag (ØIL) 2018

### Innholdsliste

1.0	Verv og ressurspersonar i 2018.....	2
2.0	Styret sitt arbeid i 2018.....	3
2.1	Styremøter .....	3
3.0	Grupper og aktivitet .....	4
3.1	Friidrettsgruppa – aktivitet .....	4
3.2	Trimgruppa – Postkassetrimmen .....	5
3.3	Turngruppa – aktivitet.....	6
3.4	Orienteringsgruppa .....	6
3.5	Boccia-/teppecurlinggruppa.....	6
3.5.1	Boccia .....	6
3.6	Basistrening i hall for vaksne.....	7
3.7	Sirkeltrening i hall.....	7
3.8	Fjelltrim .....	7
3.9	Aktivitetar elles i ØIL-regi .....	7
3.9.1	Torefjellstrimmen.....	7
3.9.2	Øystesetrimmen 29. september .....	8
3.9.3	Open hall og kioskdirift under utdeling av «Eldsjelprisen» .....	9
4.0	Medlemstal – med grunnlag i medlemsliste sendt til NIF .....	10
5.0	Økonomi (resultatregnskap med balanse).....	11



## 1.0 Verv og ressurspersonar i 2018

<b>Styret i Øystese Idrettslag 2018</b>			
Rolle	Navn	Valgt for antal år i 2018	På val i 2019
Leiar	Arne Lunestad	1	Ja
Nestleiar	Linn Beate Haugslund Ur	1	Ja
Kasserar	Frode Sandven	1	Ja
Skrivar	Marit Buttingsrud	2	Nei
Styremedlem	Marianne Strømsvåg	2	Nei
Styremedlem	Tone Mabel Høysæter	1	Ja
Styremedlem	Eirik Kvarv	1	Ja
1. vara	Åshild Bekkesletten	1	Ja
Valnemd	Ledig		Ja
Valnemd	Ledig		Ja
Revisor	Jan Erik Vågen	1	Ja
Revisor	Kjetil Reed	1	Ja

<b>Gruppeleiarar (ikkje valgt av årsmøtet) 2018</b>	
Gruppe	Leiar
Boccia og teppecurling	Lillian Kvamsøy
Turn	Åshild Bekesletten
Orientering	Olav Kreken
Friidrett og postkassetrim	Leiv Sandven
Hopp, Alpint, Symjing, Vektløfting	Ingen gruppeleiarar/ aktivitet



## 2.0 Styret sitt arbeid i 2018

### 2.1 Styremøter

Styret har hatt 6 møter i 2018. Dette er om lag ei halvering av antal møter i høve føregående år, og heng naturleg saman med redusert aktivitet i idrettslaget etter utmelding av fotballgruppa.

Den største endringa for idrettslaget frå 2017, har vore at fotballgruppa har meldt seg ut og stifta eigen fotballklubb. Det har vore viktig for styret å sjå til at utmeldinga har gått føre seg på ein ryddig måte kva gjeld medlemshandling (register) og økonomi.

Med redusert antal medlemmer og aktivitet, har det i 2018 vore eit ekstra fokus på å styrkja dei aktivitetane som faktisk føregår i laget. Styret ser dette som noko av det viktigaste arbeidet i åra framover også. Laget har fleire populære aktivitetar innan basis-idrett både for unge og eldre, samt tilpassa aktivitetar for personar med nedsett funksjonsevne. Å videreføre og styrkje desse aktivitetane er ei prioritert oppgåve for styret.



## 3.0 Grupper og aktivitet

### 3.1 Friidrettsgruppa – aktivitet

Gruppeleiar: Leiv Sandven

#### **Allidrett for born 6-10 år**

I 2018 har det delteke 27 born i allidrett til Øystese idrettslag. Målet for allidretten er kroppskontroll, samarbeid, balanse og fysisk utfordring. I tillegg får deltakarane prøve ulike idrettar.

For å kunna vera med er det ikkje nokon ekstra «treningsavgift». Dette for å gje alle born høve til å vera med i eit aktivitetstilbod utan noko økonomisk hinder.

Det er likevel ynksjeleg at deltakarane er medlemmer i ØIL.

#### **Friidrett**

Friidrett har det i år berre berre vore i samband med allidretten for born.

For vaksne har det vore høve til å ta idrettsmerke.

#### **Idrettsmerke**

Dette vart gjennomført på haustparten med 8 personar som fullførte.

Idrettsmerke er for alle og langt opp i alder. Sigrid Berge er eit lysande døme på dette. Ho har deltek sidan ho var 18 år (fødd 1935) med unntak av berre eitt -1- år. Laget gratulerer så mykje.

Ansvarlege for idrettsmerket er Nils Ivar Østerbø og Arild Sandven.

Kanskje fleire vågar seg til i 2019.



### 3.2 Trimgruppa – Postkassetrimmen

Ansvarleg: Leiv Sandven

Postkassetrimmen er eit lågterskeltilbod som fremjar aktivitet og folkehelse blant både unge og gamle, små og store, ja som passar dei fleste som er glade i frisk luft og natur. Trimmen er sett saman av 10 postkassepunkt (Laupsadalen, Teldalen, Børvehagen, Nystøl; Krok, Botnane, Hyrting, Ruedal; Manfjell, Torefjell). 8 personar er engasjert i arbeidet med postkassetrimmen.

Sommaren 2018 var ein god varm sommar. Dette ser me på deltakarane i postkassetrimmen. Det var ein sommar med vanleg deltaking. Dette tolkar ein som at det er andre aktivitetar og mål for å vera ute i naturen.

Like fullt er det også i 2018 22 nye postkassetrimmarar. I 2019 er det 40 år sidan postkassetrimmen vart starta og det er 2 personar som enno er med.

Det er i alt 140 personar som har oppnådd poeng nok til å delta i poengsamling og dermed 5, 10, 15 osv. «premiering» i trimmen.

Vel møtt i 2019 til jubilumsår for trimmen!

Oversikt med dei 2 ivrigaste på dei ulike stadane under:

Postkasse	Navn	Poeng	Navn	Poeng
Børvehagen	Grethe K. Nyland	100	Gerd Haugland	82
Torefjell	Elisabeth Fremgaard	182	Eirik Kvarv	105
Krok	Elisabeth Fremgaard	120	Eiliv Nyland	28
Telldalen	Brita Nesse	92	Jarle Flotve	86
Nystøl	John Skei	60	Arnstein Lofthus	29
Ruedal	Grethe Sedeniusen	104	Asgaut Mo Lars Eirik Berge Sigve Mo	32
Botnane	Aage Børven	93	Grethe Sedeniusen	69
Laupsadalen	Kåre Sørås	76	Arild Solheim	54
Hyrting	Magnar Dalatun	108	Marita Dalatun	60
Manfjell	Magnar Dalatun	66	Frid Fosso	33



### 3.3 Turngruppa – aktivitet

Gruppeleiar: Åshild Bekkesletten

#### **Leikeparti for born 4-5 år (under skulealder)**

Kvar torsdag kl. 17-18 vår og haust – ca 20-30 born deltek fast kvar gong + nokre mindre sysken. Opnar kvar gong med litt fast program med borna. Deretter hjelper foreldra til med aktivitet med eigne born, eller på ein av stasjonane (ringar, ribbevegg og hopp frå kasse, m.v.). Avrundar økta med felles avslutting.

#### **Turn**

*Stemneprogram for damer starta opp i januar og hadde trening måndagar på ungdomsskulen. Vigdis Fosso var instruktør. Dette året var det Vestlandsturnstemne i Stryn som var målet, som gjekk av stabelen 10. – 12. juni. Øystese IL hadde 10 damer med.*

### 3.4 Orienteringsgruppa

Gruppeleiar: Olav Kreken

Orienteringskartet har vore nytta i allidretten for born. Olav Kreken har vore inne som instruktør i Kvam LSK sin idrettskule.

### 3.5 Boccia-/teppecurlinggruppa

Gruppeleiar: Lillian Kvamsøy

#### 3.5.1 Boccia

Me har hatt 2 lag med i Bocciaserien i Hordaland 2017/18.

Det var totalt 14 lag med i Hordalandserien.

Me har reist til Askøy og Radøy. Der spelte me 3-4 kampar kvar gong. Så spelte me kampar i Øystesehallen i april. Serieavslutninga var på Austrheim i juni med premieutdeling og dans om kvelden. ØIL Lag 1 kom på 6. plass i serien og fekk 3. plass i cupen som vart avholdt på serieavslutninga. Lag 2. kom på 14. plass i seien og vart slått ut av cupen etter 1 runde.

Hausten 2018 gjekk me i gang att med 2 lag i serien 2018/19, Det er no med 20 spelarar som er fordelt på dei 2 laga. Det skal gjennomførast 4 samlingar med kampar der den siste vert på Askøy i juni 2019.

#### 3.5.2 Teppecurling

Me har teppecurlig siste tysdag i månaden, men det er dessverre få deltakerar. 4 -5 stk. møter på desse treningane.



### 3.6 Basistrening i hall for voksne

Instruktører: Reidun Braut Kjosås, Anne Heidi Bjørke og Elisabet Aarekol

Tilbudet vart utvida til 2 dagar i veka i 2018. Måndagar og torsdagar i gymsalen på Kvam Ungdomskule.

Aktiviteten er framleis svært populær, og samlar mellom 20 – 45 deltakarar kvar gong. I all hovudsak damer.

### 3.7 Sirkeltrening i hall

Organisator: Eirik Kvarv

I vinterhalvåret kvar torsdag kl 21-22 i gymsalen på Kvam Ungdomskule.

Tradisjonell sirkeltrening med ulike stasjonar. Om lag 5-15 deltakar kvar gong. 2 damer har delteke, elles er det menn som utgjør majoriteten av deltakarane.

### 3.8 Fjelltrim

Organisator: Arne Lunestad og Eirik Kvarv

I sommarhalvåret kvar torsdag kl 19. Høver for dei som likar å bruka fjellet til trening. Ein rullerer på 3 ulike fjellturar; Torefjell, Manfjell og Breidablik.

Om lag mellom 5-10 deltakarar kvar gong.

### 3.9 Aktivitetar elles i ØIL-regi

#### 3.9.1 Torefjellstrimmen

Tidlegare år har arrangementet samanfalle med Kvam Turlag sin «Kom deg ut» dag, og me har hatt felles annonsering. I 2018 hadde ikkje turlaget eit slikt arrangement, og det vart difor kun annonsert i ØIL regi i HF og på Facebook.

Likevel deltok i alt 72 spreke turgåarar på trimmen søndag 2. september. På toppen hadde me beachflagg og utdeling av sitjeunderlag sponsa av Kiwi. I tillegg til dette vart det delt ut 1 stk fenalår og gåvekort på MX Sport i uttrekkspremie.



Figur 1 Registrering av deltakarar i Torefjellstrimmen

### 3.9.2 Øystesetrimmen 29. september

Arrangert i samarbeid med Grannehjelpa og Kvam herad sitt arrangement «Parkdag» i samband med «Kvammaveko» i 2018. Fleire frivillige organisasjonar hadde stand i parken i Øystese, og både trim- og konkurranseklasse vart arrangert i samband med dette.

36 elevar ved Øystese barneskule gjekk trimmen. Klasse 3A var dei med flest deltakarar. Elles gjekk 53 andre trimmen, av dei var 9 under skulealder. Totalt 89 gjekk då trimmen, og 10 stk deltok i konkurranseklassen.

Resultatliste:

#### Senior , menn

1. Heine Vik, 21:58
2. Eirik Kvarv, 22:35
3. Håkon Bjelland, 22:42
4. Atle Kjosås, 24:48





5. Frode Sandven, 26:47

6. Olav Kreken, 29:26

**Senior dame**

1. Britt Vik Sandven, 33:50

2. Maria F. Skeie, 33:50

**Junior menn:**

1. Jonas Hauger, 24:09

2. Ådne Kjosås, 24:27

**Junior damer**

- Ingen deltagere

3.9.3 Open hall og kioskdirft under utdeling av «Eldsjelprisen»

Onsdag 5. desember arrangerte Grannehjelpa «Frivillighetens dag» og hadde utdeling av eldsjelprisen. Idrettslaget bidrog med open hall og kioskdirft med sal av pølser og brus.



#### 4.0 Medlemstal – med grunnlag i medlemsliste sendt til NIF

<b>Medlemstal 2018 i fleiridrettslaget</b>			
	Jenter/ kvinner	Gutar/ menn	Samla
0-5 år	10	12	<b>22</b>
6-12 år	27	42	<b>69</b>
13-19 år	26	26	<b>52</b>
20-25 år	1	3	<b>4</b>
26 + år	96	99	<b>195</b>
<b>Samla 2018</b>	<b>160</b>	<b>182</b>	<b>342</b>
<b>Medlemsutvikling</b>			
2017	266	325	591
2016	352	410	762
2015	290	376	666
2014	285	361	646
2013	303	371	674

Kommentar til medlemstal:

Det har vore ein relativt stor nedgang i antal medlemmer frå 2017 til 2018. Ein legg til grunna at dette i stor grad er på grunn av nedlegging av fotballgruppa. Medlemstala for 2018 er presentert som faktisk betalt medlemsavgift. Det inngår 47 «Støttemedlemer» i medlemstala.



## 5.0 Økonomi (resultatregnskap med balanse)

Vert framlagt på årsmøte.

Øystese 22. januar 2019

Arne Lunestad

Linn Beate Haugslund Ur

Tone Mabel Høysæter

Marianne Strømsvåg

Frode Sandven

Marit Buttingsrud

Eirik Kvarv

Åshild Bekkesletten